



Den nyoppstarta teatergruppa for born på Nore Neset er blant dei underutvalet tilrår får pengar. (Arkivfoto: Kenneth Svenningsen)

Desse kan få KUP-midlar

Eit utval har plukka ut 45 av 72 innkomne søknader som dei tilrår får del i kultur-millionen Os kommune deler ut i april.

Øystein Lid ol@osogfusa.no

Publisert 30.03.2016 kl. 17.00.

Kvart år deler Os kommune ut ein million kroner som del av eit kulturelt utviklingsprogram (KUP). I år er det kome inn 72 søknader, med ein samla søknadssum på 3,4 mill. kroner (3.424.870 kroner). Dette er omtrent like høgt som søknadssummen i fjor.

- Igjen ser me kor stort mangfald av aktivitetar det er i kommunen vår, og kor mykje arbeid som vert lagt ned av frivillige innan ulike område, kommenterer kultursjef Lisbeth Lunde Axelsen i si oppsummering.

Mellom går det fram av lista at både Open hall i regi av Osbadet KF, og kultur-SFO i Lysefjorden vert føreslått tilgodesett med midlar.

Tildelinga blir ikkje grunngjeve, med unntak for at tiltak for born og unge vert prioriterte.

Saka kjem opp i formannskapsmøtet 12. april, og det blir då opp til politikarane å gjera endringar eller å vedta lista som ho er.

Innstillinga frå formannskapetets underutval:

Festivalar/konsertar

Søkjjar	Føremål	Tilrådd tildeling
Stiftelsen MusicaNord	Oseana kammerfest	20.000
Søfteland TIL	Ulvenmarsjen	15.000
Os Mannskor	Songarstemnet «Leve sangen»	20.000
Tilslørte bondepiker	Vårkonsert i Oseana	10.000

Bergen og omland modellbilklubb	Norgescup RC-bil	10.000
Os kammerkor	Jubileumskonsert 40 år	10.000

Utstyr/anlegg

Søkjar	Føremål	Tilrådd tildeling
Os Turn	IT-system	25.000
Halhjem Dataklubb	Gaming-pcar	13.000
Ungdomslaget Vårvon	Aktivitetsutstyr	15.000
Opptur Motbakkeklubb	Tidtakarutstyr Quick System	30.000
Ungdomslaget Havglimt	Aktivitetsutstyr	15.000
Nore Neset Idrettslag	Utstyr til idrettsskule	25.000
Ung laurdag	Aktivitetsutstyr	15.000
Søfteland TIL	Ny tjukkas	15.000
Bergen og omland modellbilklubb	Mekkeområde	10.000
Os Husflidslag	Utstyr	5.000
Osbadet KF	Utstyr til Open hall	50.000

Driftstilskot/prosjekt

Søkjar	Føremål	Tilrådd tildeling
Norges handikappforbund Os	Sommartur til Ramsholmen	4.000
Lysekloster IL	Fotballcup	20.000
Redd Barna-cup	Fotballcup	20.000
Lysekloster IL	Spansk/norsk fotballskule	20.000
Vidar Bratlund-Mæland	Julehefte til skulane 1.-7. klasse	20.000
Nore Neset skulekorps	Korpsbygging	20.000
Det historiske tunet Lyngheim	Arrangement	30.000
Opera Omnia	Lydbok og musikkforestilling for born/eldre	50.000
Oseana KF	Seniortreff	30.000
Oseana KF	Minifestival for ungdom	50.000
Os svømmeklubb	Osmeisterskap/kompetansebygging	30.000
Os orienteringsklubb	Kart/løyper	25.000
Bjørnefjorden Golfklubb	Golfskule for born/unge, utstyr	50.000
Søfteland TIL	Fotballcup	20.000
Øyglimt m.fl.	Gutehandballdagen	20.000
Fotballklubbane i Os	Jentefotballdagen	20.000
Nore Neset IL	HAFO-cup	20.000
Os Turn Cheerleading	Kurs/leige airtrack	30.000
Os Turlag	Etablering av turboklubbar	20.000
Kulturevent	Ei veker kulturfabrikk for 1.-7. klasse	25.000
Os Barne- og ungdomsteater	Les og le, teaterframsyning	35.000
Os Spelemannslag	Musikkskule fele for born	8.000
Os Musikkforening	Inspirasjonsseminar og konsert	30.000

Oppstartstilskot/kurs

Søkjar	Føremål	Tilrådd tildeling
Os Sogelag	Oppstart	25.000
Lyshornet Skolebrass	Oppstart/utstyr	30.000
Teatergruppen for barn, Nore Neset	Oppstart/utstyr	20.000
Os Skyttarlag	Oppstart karusell/utstyr	20.000
Søre Øyane Arbeidsstove	Kurs for born i handverkstradisjonar	5.000



0 kommentarar

Sorter etter: Oldest ▼



Legg til kommentar